

Fra: Knut Medhus[knut@medhus.info]
Sendt: 15.03.2026 22:28:11
Til: Liv Skogheim Lindestad[liv.s.lindestad@hol.kommune.no]
Emne: SØKNAD OM PROSJEKTTILSKOTT

Ekstern avsender.

Hei – Hol historielag tillet seg å søke om prosjekttilskott på 10 000 kr til prosjekte Livet i klokkargarden kring år 1900.

Bakgrunn for prosjektet: Per Olav Reinton, son av Torgny Reinton som var ein av sønene til Gamle klukkaren Sigurd S: Reinton, oppdaga for kort tid sidan at det i handskriftsamlinga på Nasjonalbiblioteket var eit uferdig manus på ei forteljing om livet på klokkargarden i Hol mens gamleklukkaren budde der og Torgny voks opp saman med ein ungeflokk på 9 ungar, gutar og jenter. Per Olav fekk Nasjonalbiblioteket til å digitalisere manuset som viste seg å vera på 115 sider. Hol historielag er kontakta med spørsmål om dei er interesserte i å få overta dette mot å få det ut i bokform. Dette er ganske unikt stoff fortalt gjennom barne- ungdomsaugo sin oppvekst og historielaget meiner det bør koma fleire til kjenne ved å gi det ut som ei bok.

Manuset må tastast inn på nytt då det er mange rettingar som er gjort med hand - dette arbeidet tek historielaget på seg som dugnad. Kostnaden med ei digitalt trykt bok i 300 eks vil bli om lag 50 000 kr og me tillet oss å søke kulturutvalet som støtte på 10 000 kr til prosjektet. Då gjer me alt arbeid med manus som dugnad.

Budsjett:	Ny inntasting av 115 sider	30 min per side	50 timar a 300 per time:
	15 000 kr		
	Produksjon av bok med mjukt omslag i 300		
eks		30 000 kr	
	Samla		
utgift			45 000 kr
Inntekt:	Verdi av		
dugnad			15 000
	Tilskott Hol kommune		
kultur		10 000 kr	
	Dekning av egne		
midlar		20 000 kr	

Helsing
Hol historielag

Knut Medhus
leiar